



**Utvalg:** Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet  
**Sak:** 18/26  
**Møtedato:** 24.03.2026  
**Journalnummer:** 2026/1508

---

### **Orienteringssak: Ph.d.-utdanningsmeldinga 2025 for Det juridisk fakultet**

---

Som del av UiB sitt systematiske kvalitetsarbeid for ph.d.-utdanninga vert dei fakultetsvise ph.d.-programma bedne om å utarbeide ei årleg ph.d.-utdanningsmelding. Ph.d.-utdanningsmeldinga for 2025 skal ikkje vere lenger enn 4 sider, og omhandle følgjande punkt:

- «Oppfølging av foregående års ph.d.-utdanningsmelding og eventuelle tiltak som har blitt gjennomført.
- Nøkkeltall, herunder opptak, gjennomføring («seksårs målet»), disputaser, underkjenninger, mindre omarbeiding og frafall. Beskrivelse av situasjonen og eventuelle tiltak for å bedre noen av disse parameterne. Kommenter særlig dersom det forekommer større endringer i noen av disse parameterne eller om tallene ikke er tilfredsstillende.
- Forskningsfelleskap. Hvordan jobber instituttene/fakultet strategisk med å innlemme ph.d.-kandidatene i forskningsfelleskap? Dette inkluderer også kandidater som ikke er ansatt ved fakultetet.
- Kobling til arbeids- og næringsliv. Forhold som kan omtales:
  - I hvilken grad benytter fakultetet seg av ordningen nærings- og offentlig sektor ph.d., og hvordan fungerer disse prosjektene?
  - Hvordan arbeider fakultetet med kobling til arbeids- og næringsliv?
- Opplæringsdelen, herunder emner. Hvordan arbeider fakultetet for å kunne tilby emner som skal dekke hele bredden av fagporteføljen? Hvis fakultetet ikke tilbyr egne emner i hele bredden, hvordan tilrettelegges det slik at kandidatene kan ta relevante emner?
- Fakultetenes systematiske kvalitetsarbeid. Hovedvekt bør legges på elementer der det har vært særlig utvikling eller aktivitet. Forhold som *kan* omtales:
  - oppfølging av fremdriftsrapporter
  - midtveisevaluering
  - gjennomføring av medarbeider- eller oppfølgingssamtaler
  - kvalitetssikring av opplæringsdelen, herunder emneevaluering og evaluering av emneporteføljen og rammene for opplæringsdelen
  - gjennomføring og oppfølging av programevaluering
  - oppfølging av undersøkelser
- Andre forhold fakultetene ønsker å omtale, for eksempel veilederopplæring.»

Forskningsutvalet (FU) er programstyre for ph.d.-programmet og vedtok fakultetet si ph.d.-utdanningsmelding for 2025 i møte 3. mars 2026. Frist for å sende inn ph.d.-utdanningsmeldinga til UiB sentralt er 30. april 2026. Der vil ph.d.-utdanningsmeldinga bli

behandla i det sentrale Forskingsutvalet ved UiB før den vert endeleg behandla i Universitetsstyret.

**Kommentar frå dekan/ fakultetsdirektør:**

Den framlagde meldinga viser at Det juridiske fakultetet arbeider målretta og systematisk for å vidareutvikle kvaliteten i ph.d.-utdanninga. Det er særleg positivt å sjå at den nye ordninga for prøvøføreling og disputas fungerer etter intensjonen, og at dei første erfaringane er gode.

Fakultetet har framleis utfordringar knytt til rekruttering, noko som også pregar sektoren nasjonalt. Det er difor viktig at fakultetet held fram med arbeidet for å gjere forskarkarrieren attraktiv, mellom anna gjennom forskarlinja, tettare oppfølging, og ein aktiv bruk av forskingsprosjekt som rekrutteringsarena. Det er også oppløftande at fleire kandidatar no leverer før normert tid – eit resultat av langsiktig arbeid med programdesign, struktur og progresjonskrav.

Eit særleg sterkt element i meldinga er omtalen av forskingsfellesskap og integrering i fagmiljø. Dette representerer ein av fakultetet sine klare styrkar, og det er tydeleg at kandidatane får godt utbytte av både forskargrupper, rettleiing og faglege nettverk. Den tette koplinga til arbeids- og næringsliv – inkludert ordninga med nærings- og offentleg sektor-ph.d. – er òg eit konkurransefortrinn som fakultetet med fordel kan vidareutvikle.

Samla sett gir meldinga eit godt bilete av ein ph.d.-utdanning i kontinuerleg utvikling, med solide faglege miljø, gode strukturar og ein tydeleg ambisjon om vidare kvalitetsheving. Den kommande seksårsevalueringa vil gi eit nyttig eksternt blick og bør sjåast som ei moglegheit til å forsterke innsatsen på å heve kvaliteten til programmet.

**Forslag til vedtak:**

Fakultetsstyret tek ph.d.-utdanningsmeldinga for 2025 til orientering.

**Vedlegg:**

1. Bestillingsbrev ph.d.-utdanningsmeldinga 2025
2. Ph.d.-utdanningsmeldinga 2025 frå Det juridiske fakultet.

dekan

fakultetsdirektør

09.03.2026

KARAKS



Fakultetene

Dato  
13.11.2025

Referanse  
2025/13843

## Ph.d.-utdanningsmeldingen 2025 - bestilling

Som en del av arbeidet med universitetet sin årlige ph.d.-utdanningsmelding, ber vi om at det utarbeides ph.d.-utdanningsmeldinger for de syv fakultetsvise ph.d.-programmene. For forankring av ph.d.-programmenes meldinger, bør disse behandles av de respektive ph.d.-programstyrene.

Ph.d.-utdanningsmeldingene bør ikke være lengre enn fire sider. Vi ber om at følgende punkter omtales:

- Oppfølging av foregående års ph.d.-utdanningsmelding og eventuelle tiltak som har blitt gjennomført.
- Nøkkeltall, herunder opptak, gjennomføring («seksårs målet»), disputaser, underkjenninger, mindre omarbeiding og frafall. Beskrivelse av situasjonen og eventuelle tiltak for å bedre noen av disse parameterne. Kommenter særlig dersom det forekommer større endringer i noen av disse parameterne eller om tallene ikke er tilfredsstillende.
- Forskningsfelleskap. Hvordan jobber instituttene/fakultet strategisk med å innlemme ph.d.-kandidatene i forskningsfelleskap? Dette inkluderer også kandidater som ikke er ansatt ved fakultetet.
- Kobling til arbeids- og næringsliv. Forhold som kan omtales:
  - I hvilken grad benytter fakultetet seg av ordningen nærings- og offentlig sektor ph.d., og hvordan fungerer disse prosjektene?
  - Hvordan arbeider fakultetet med kobling til arbeids- og næringsliv?
- Opplæringsdelen, herunder emner. Hvordan arbeider fakultetet for å kunne tilby emner som skal dekke hele bredden av fagporteføljen? Hvis fakultetet ikke tilbyr egne emner i hele bredden, hvordan tilrettelegges det slik at kandidatene kan ta relevante emner?
- Fakultetenes systematiske kvalitetsarbeid. Hovedvekt bør legges på elementer der det har vært særlig utvikling eller aktivitet. Forhold som *kan* omtales:
  - oppfølging av fremdriftsrapporter
  - midtveisevaluering
  - gjennomføring av medarbeider- eller oppfølgingssamtaler
  - kvalitetssikring av opplæringsdelen, herunder emneevaluering og evaluering av emneporteføljen og rammene for opplæringsdelen

**Postadresse**  
Universitetet i Bergen  
Forsknings- og innovasjonsavdelingen  
Postboks 7800  
N-5020 BERGEN

**E-post:**  
post@uib.no  
**Organisasjonsnummer**  
874 789 542

**Saksbehandler**  
Marie Eide  
Telefon: 55584963  
Mobil:  
E-post: Marie.Eide@uib.no

- gjennomføring og oppfølging av programevaluering
- oppfølging av undersøkelser
- Andre forhold fakultetene ønsker å omtale, for eksempel veilederopplæring.

Ph.d.-utdanningsmeldingene danner et viktig grunnlag for kvalitetsarbeidet ved ph.d.-utdanningen ved UiB.

Frist for fakultetenes ph.d.-utdanningsmeldinger er **30. april 2026**. Ph.d.-utdanningsmeldingen vil bli behandlet i UiB sitt forskningsutvalg før endelig behandling i universitetsstyret.

Med vennlig hilsen

Alette Gilhus Mykkeltvedt  
avdelingsdirektør

Marie Mohn Eide  
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen underskrifter.

# Ph.d.-utdanningsmeldinga 2025 – Det juridiske fakultet

## **Oppfølging av den føregående ph.d.-utdanningsmeldinga og tiltak etter den**

I 2025 vart det innført ny ordning for prøveforelesing og disputas. Den nye ordninga er basert på anbefalingane frå arbeidsgruppa som vart oppnemnt av fakultetet i 2024, og som leverte sin rapport i juni 2025. Hausten 2025 vart den første disputasen på den nye ordninga gjennomført, og evalueringa var positiv. Den største endringa er at prøveforelesinga skal haldast på eit tidlegare tidspunkt enn disputasen, og såleis får ei større grad av merksemd og eigenverdi. Det er også eit poeng at prøveforelesinga i større grad skal vere karrierefremmande for kandidaten og prøveforelesingskomiteen skal legge til rette for eit tema som kan nyttast for kandidaten i undervisnings- og eller forskingssamanheng. Komiteen samarbeider med undervisningsdekan for å tilpasse tidspunkt for prøveforelesinga til relevante emne slik at forelesinga også blir tilgjengeleg for studentane ved fakultetet. Prøveforelesingskomiteen og komiteen for avhandlinga har ulike samansetning grunna at dei tidsmessig ikkje er samla og at formåla til dei to elementa i godkjenninga av ph.d.-graden er ulik i større grad enn i tidlegare ordning. Andre endringar er at fakultetet no tilbyr streaming og opptak av alle disputasar, at digital lese-versjon av avhandlinga vert tilgjengeleggjort i samband med disputas, og at fakultetet organiserer ei mottaking for kandidat og publikum direkte etter disputasen.

## **Nøkkeltall**

I 2025 tok fakultetet opp 8 nye ph.d-kandidatar på ph.d.-programmet: 7 stipendiatar og ein kandidat med offentleg sektor ph.d. Av dei 7 stipendiatane som starta var 6 av dei finansiert i tilknytning til forskingsprosjekt. Fakultetet lyste ut ei open stipendiatstilling i 2025.

Ei gjennomgåande utfordring for fakultetet er rekruttering til ph.d.-stillingar. Det er stor interesse for våre beste kandidatar frå mellom anna advokatfirma. Desse etablerer kontakt med studentane alt på tidlege studieår og gir ofte kandidatane jobbtilbod med løner som universitetet ikkje kan konkurrere med. Fakultetet arbeider systematisk med å gjere akademia og fakultetet særleg til ein relevant karriereveg for våre studentar, mellom anna i form av forskarlinja på femte studieår.

I 2025 hadde fakultetet 7 disputasar. Av avhandlingane var det 6 monografiar og 1 artikkelbasert avhandling. Av desse kandidatane hadde 4 levert inn avhandlinga før utgangen av normert tid. Fakultetet har lenge jobba strategisk med utforminga av ph.d.-programmet for å legge til rette for betre gjennomstrøyming. At fakultetet no har fleire

kandidatar som leverer før normert tid tilseier at utviklinga går i riktig retning. Fakultetet vil bygge vidare på tiltaka som alt er gjort og samstundes forsøke å styrke trenden ytterlegare.

### **Forskningsfellesskap.**

Alle ph.d.-kandidatar har tilbod om å vere med i ei eller fleire forskargrupper ved fakultetet, og dei fleste gjer bruk av det tilbodet. Sjølv om forskargruppene fungerer på noko ulike vis, legg dei fleste av dei stor vekt på å inkludere ph.d.-kandidatane i aktiviteten i gruppa, noko som òg er tema i dei årlege dialogmøta mellom dei respektive forskargruppeleiarane og prodekan for forskning. Fakultetet har det siste året oppretta to sentre der fagleg miljøbygging rundt og karriereoppfølging av tilsette i rekrutteringsstillingar er eit særleg fokus. Kandidatane har normalt òg meir enn ein rettleiar, som fungerer som viktige koplingspunkt opp mot fagmiljøa, både på fakultetet og utanfor. I tillegg har mange fagområde aktive nettverk og samlingspunkt, som fakultetet legg til rette for deltaking i, òg økonomisk. Som nemnt nedanfor, legg òg ph.d.-programmet vekt på å skape dialog kandidatane seg i mellom, sjølv om dei har ulike avhandlingstema: Vi tenker på ph.d.-kandidatgruppa vår som ein viktig forskningsfellesskap i seg sjølv som vi ønsker å stimulere til aktivitet i.

### **Kobling til arbeids- og næringsliv.**

Rettsvitenskap er eit fagområde som tradisjonelt sett har hatt svært nær kontakt med arbeids- og næringsliv, noko som òg er ei styrke for ph.d.-utdanninga ved Det juridiske fakultetet. Til dømes har mange av rettleiarane gode nettverk i ulike juridiske institusjonar, noko som ofte kjem våre ph.d.-kandidatar til gode.

Fakultetet har per i dag 3 aktive ph.d.-kandidatar som er næringslivs- eller offentleg sektor-ph.d. Samstundes er i vi dialog med andre eksterne institusjonar om moglegheiter for nye avtalar. Vi opplever at sjølv i ei tid med økonomisk sparing i mange sektorar er det ei interesse frå eksterne institusjonar kring denne ordninga.

For fakultetet er det positivt å få fleire kandidatar inn på ph.d.-programmet, og vi er generelt nøgde med ordninga og erfaringane våre frå den. Samstundes har vi inntrykk av at det er ein stor fordel for kandidatane med god tilknytning til fagmiljø og academia, og oppfordrar difor ph.d.-kandidatane våre til fysisk oppmøte på fakultetet i arbeidstida. Dette er naturleg nok uråd for dei eksterne kandidatane å få til, og den ekstra avstanden til fagmiljøet kan gi desse kandidatane ein litt tyngre veg.

### **Opplæringsdelen, herunder emner.**

Opplæringsdelen legg generelt stor vekt på å adressere generelle rettsvitenskaplege tema, som har relevans for kandidatane uavhengig av deira spesifikke avhandlingstema. På den

måten utfyller opplæringsdelen dei einskilde prosjektarbeida og legg òg til rette for læring, samarbeid og diskusjon mellom kandidatane på programmet. Fakultetet ser på opplæringsdelen som særskild viktig for kvaliteten i forskning, mellom anna då studiet er eit profesjonsstudium. Opplæringsdelen er slik sett viktig for at kandidatane tek det nødvendige steget inn i den friare og meir reflektive forskingstenkinga.

Fakultetet sitt ph.d.-program har 7 obligatoriske ph.d.-emne på til saman 20 studiepoeng. Emna tek føre seg ei breidde av tema innanfor rettsvitenskapleg forskning, samt gir ei innføring i vitenskapsteoretiske tema og etikk. I tillegg inngår deltaking på vårt eige David Doublet seminar og Det nasjonale doktorgradseminaret (DNDS). I tillegg har ph.d.-programmet 10 opne studiepoeng kandidatane kan fylle med akademisk aktivitet som er relevant for eige prosjekt. Fakultetet tilbyr fast nokre kurs. Fagmiljøa klima, energi og berekraftsrett, rettskultur, skatterett og konkurranserett vart etter JUREVAL tildelt nettverksmidlar frå Forskningsrådet til å utvikle nasjonale ph.d.-kurs. Det har i perioden 2023-2025 vore fire slike kurs ved fakultetet, og det planleggast to til i 2026 og 2027. Nettverksprosjekta avsluttast hausten 2027. I tillegg er ei rekke eksterne aktivitetar relevante for godskriving på den opne delen.

Det er fakultetet sitt inntrykk at opplæringsdelen til ph.d.-programmet fungerer godt, sjølv om det stadig er rom for vidare utvikling og forbedring. Fakultetet vurderer og endrar ph.d.-programmet kontinuerleg. Dette handlar også om å tilpasse seg nye utviklingstrekk i sektoren: Der fakultetet tidlegare rekrutterte hovudsakleg stipendiatar som forska på norsk eller nordisk rett, har den auka delen av stipendiatstillingar tilknytt forskingsprosjekt gjort stipendiatgruppa stadig meir internasjonal og mangfaldig. Dette gjer at også ph.d.-emna må inkludere eit stadig meir internasjonalt fokus. Det har også vaks fram eit behov og ei interesse for at ph.d.-kandidatane lærer meir om å søke eksternfinansiering. I 2026 vil fakultetet sjå på korleis ein kan inkludere dette temaet i opplæringsdelen.

Fakultetet si største utfordring med opplæringsdelen er som elles at undervisningsressursane på fakultetet generelt er svært pressa, gjeve det dårlege forholdstalet student/lærer vi har. Som for anna aktivitet på fakultetet påverkar det ressursane som er tilgjengeleg for den for oss viktige opplæringsdelen på ph.d.-programmet.

### **Fakultetets systematiske kvalitetsarbeid.**

Oppfølging av framdriftsrapportar: Ved fakultetet vert framdriftsrapportane behandla av ph.d.-sekretariatet, som består av prodekan for forskning (som også er leiar for ph.d.-programmet), visedekan for organisasjon og innovasjon (som har medarbeidaransvar for ph.d.-kandidatane) og ph.d.-koordinator. Kvar einskild rapport vert gjennomgått av sekretariatet, og der det er naturleg å følgje opp vert det gjort basert på det konkrete behovet. I dei tilfella nokon i sekretariatet sjølv er rettleiar for kandidaten, og dermed ugild, vil

vedkomande ikkje lese rapporten og ikkje vere til stades i rommet når rapporten blir behandla. På denne måten sikrar ein at også desse kandidatane kan svare konfidensielt på spørsmål om rettleiarforholdet.

Midtvegsevaluering: Midtvegsevalueringa ved fakultetet er eit 4-timar langt seminar, der ein ekstern kommentator gir tilbakemelding på kandidaten sitt arbeid. I forkant av midtvegsevalueringa sender kandidaten in eit tekstmateriale. Dersom kandidaten skriv monografi skal materialet bestå av eit manus på 25000-40000 ord, samt eit følgeskriv som gir ei overordna forklaring på prosjektet. Ved artikkelbasert avhandling skal tekstmateriale bestå av ein artikkel som er sendt til publisering, eit artikkelutkast og eit utkast til avhandlinga si kappe i form av ei omarbeida prosjektskilddring på 15-20 sider som forklarar prosjektet som heilskap.

Dersom det kjem fram i midtvegsevalueringa at kandidaten ligg klart bak forventa progresjon, utarbeidast det ein tidsavgrensa oppfølgingsplan. Den skal innehalde ei skilddring av kva som forventast produsert i den komande perioden, normalt 6 månader fram i tid. Kandidaten må sende inn tekst som svarar til denne forventninga, og den dannar grunnlag for eit nytt møte.

I 2025 hadde 7 kandidatar midtvegsevaluering. Det var ikkje behov for å opprette oppfølgingsplan for nokon av kandidatane. Erfaringa frå 2025 er som tidlegare år at midtvegsevalueringa er eit nyttig verkemiddel for både fakultetet, rettleiarane og ikkje minst kandidatane sjølve. Fakultetet er godt nøgd med og får gode tilbakemeldingar på det opplegget som vi har utvikla for gjennomføring av midtvegsevaluering, og erfarer at vektlegginga av tidleg skrivning i ph.d.-løpet har vore nyttig med tanke på at midtvegsevalueringa vert konstruktiv for kandidatane.

Gjennomføring av medarbeidarsamtaler: Alle stipendiatar ved fakultetet vert invitert til medarbeidarsamtale kvart år. Dei fleste takkar ja, og fakultetet opplever medarbeidarsamtalane som eit nyttig reiskap for dialog med kandidatane og til innblikk i situasjonen deira.

Karriereplanar: Fakultetet har laga ein mal for karriereplanar tilpassa våre kandidatar og implementerte hausten 2025 utfylling og oppfølging av desse i samband med medarbeidarsamtalar.

### **Andre forhold fakultetene ønsker å omtale, for eksempel veilederopplæring.**

Fakultetet går no i gang med å gjennomføre ei 6-års evaluering av ph.d.-programmet i løpet av 2026. Våren 2026 vil vi såleis ta sikte på å få implementert dei siste endringane i dei planane for utvikling som vi så langt har hatt. Å få eit eksternt blick på og gjennomtenking av programmet, vil så gje oss nyttige innsikter for ytterlegare kvalitetsutvikling.